



# JÆRMUSEET

## Sluttrapport for prosjekt: Pelsdyrarkiv.

Ref.: 2021/15485

### Oppsummering prosjekt

I 2021 fekk Stiftinga Jærmuseet arkivutviklingsmidlar frå Arkivverket til å samle inn, ordne og formidle privatarkiv frå pelsdyrnæringa lokalt og regionalt som ein del av eit større dokumentasjonsprosjekt. I samarbeid med Norges Pelsdyralslag og Rogaland Pelsdyralslag blei prosjektet starta for å sikre kjelder frå ei næring som var på veg til å forsvinna. Frå 1.7.2019 blei det forbod mot hald av pelsdyr i Noreg med krav om at eksisterande drift skal avviklast innan 1.2.2025. Arbeidet med å sikre dokumentasjonasta. I Rogaland ble den siste pelsdyrgarden lagt ned november 2022, og næringa blei dermed historie i regionen tre år før fristen for avvikling.

Til no har Stiftinga Jærmuseet samla inn arkivmateriale frå tolv arkivskaparar i ulike delar av pelsdyrnæringa. Arkivmateriale omfattar arkiv frå førprodusentar, pelsdyrbønder, pelseri, samt arkivet etter det lokale alslaget. Dei fleste arkiva er små i omfang og innhaldet fragmentarisk. Arkivmateriale strekker seg frå tidsperioden 1930 til 2020, det vil seie nesten heile perioden pelsdyrnæringa opererte som ei profesjonell næring i Noreg. I tillegg til å samle arkivmateriale har Stiftinga Jærmuseet intervjua og filma oppdrettarar, farmar, fabrikker, pelseri og dei ulike prosessane i pelsdyrnæringa før nedlegginga. Museet har også mottatt fleire gjenstandar, fotografi og trykksaker (eks. tidsskrift, bøker, katalogar) om pelsdyr i gave. Saman håpar med at dei ulike formane for dokumentasjon vil bidra til ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon om pelsdyrnæringa, ein viktig del av norsk landbrukshistorie.

Arkivmateriale frå pelsdyrprosjektet har til no vært formidla tre gonger. Hausten 2022 blei det organisert et seminar for det nyestablerte privatarkivnettverket i Rogaland. Her blei pelsdyrprosjektet presentert til nettverket i lag med dei andre prosjekta som fekk privatarkivutviklingsmidlar av Arkivverket i 2021. Arkivmaterialet har også blitt formidla i møte om mogleg samarbeid med andre museum som dokumenterer pelsdyrnæringa i andre områder. Sia dei innleiane møta har dokumentasjonsprosjektet for pelsdyr vakse til eit nasjonalt samarbeid mellom fleire museum og stiftingar. Delar av arkivmateriale blei også formidla gjennom ei nettutstilling på Digitalt Museum i forbindelse med arkivdagen 9.juni kor tema var «*Arkiver om dyr*».

Dokumentasjonsprosjektet fortsett og det er moglegheit for at det kjem fleire arkiv etter kvart. Utstilling av prosjektet er flytta frå 2023 til 01.02.2025 som vil markera dagen da pelsdyrnæringa offisielt er slutt i Noreg.

## **Utgreiing (Mål og gjennomføring)**

Prosjektet hadde følgande mål :

1. Sikra innsamling av privatarkiv innan ulike sider av pelsdyrdrift.
2. Ordna arkivmateriale, katalogisera i ASTA og Digitalarkivet slik at dette vert tilgjengeleg for forskarar, publikum og til formidling av materiale i ei planlagt utstilling ved Jærmuseet.
3. Delmål: stimulera til samarbeid mellom arkiv og museum.

### **1: *Sikra innsamling av privatarkiv innan ulike sider av pelsdyrdrift***

#### **Om arkivmaterialet og dei ulike sidene av pelsdyrdrifta**

Dei fleste av dei mottatte arkiva er små i omfang og fragmentariske i innhold. Ei orsak kan vera at mykje blei kasta i perioden frå beskjeden om at næringa legg ned i 2019 til Jærmuseet starta innsamling av materiale i 2021. Ei anna årsak kan ligge i at det berre finnes eit lite utval å henta av arkivmateriale ettersom dokumenta i stor grad er skapt og bevart av aktørane i næringa på eiga initiativ. Fleire aktørar i næringa har og hatt fleire verv, noko som kan ha resultert i at noko at arkivmaterialet derfor kan ha vore tatt heim eller blitt oppbevart andre stadar enn det som er tenkt er naturleg. Ingen elektroniske arkiv er mottatt til no i prosjektet. Arkivmaterialet som Jærmuseet har samla gir likevel eit inntrykk av korleis pelsdyrnæringa i Rogaland var, og kva saker og hendingar som tok stad i næringens korte historie.

Arkivet etter Rogaland Pelsdyralslag er eit av dei største arkiva me har mottatt i prosjektet. Materialet strekk seg frå 1930 frem til 2012. Dessverre er det stor mangel på nyare materiale frå det lokale alslaget, særleg etter overgang frå protokollføring på papir til elektroniske møtereferat og fordi arkivet har skifta hender etter kven som har vore medlem i styret til laget. Hovuddelen av arkivet til Rogaland Pelsdyralslag blei overrekka av dåverande styreformann i laget, mens ein del arkivmaterialet frå nyare tid dukka opp mellom arkivet til Rogaland Pelsdyrførlag som me tek imot i april 2023. Materiale knytt til Rogaland Pelsdyralslag finns og i arkivet etter Ingebret Hodne som var formann og styremedlem i alslaget i fleire år. Innhaldet i arkivet etter Rogaland Pelsdyralslag gjev ein brei innsikt i kva sakar og aktivitetar som har vore viktige for næringa lokalt. Spørsmål om før, al, sjukdommar, dyrevelferd og utstillingar har vore blant dei mest omtalte tema.

Ei av dei største og viktigaste utfordringane lokalt har vore spørsmålet rundt før, spesielt rundt al av mink som krev at føret må vera fersk. Det er samla inn arkivmateriale frå tre ulike forlag i pelsdyrprosjektet. To av desse opererte mellom 1960 og 1980, mens det siste er frå Rogaland Pelsdyrførlag som opererte til siste pelsdyrbonde la ned drifta i 2022. Arkivmaterialet frå forлага gjer blant anna informasjon om ingrediensar og priser frå avfallsindustrien og før, samt informasjon til og frå medlemmar og distribuering av føret i distriktet.

Fra pelsdyrbondene har me teke i mot fleire små arkiv. Innhaldet i arkiva er varierte. Ei orsak til variasjonen kan skyldast at pelsdyrbondene har drive ulikt, der nokre bønder har hatt det som

si hovudnæring, mens andre har hatt det som ei binæring for å kunne utvikla resten av garden. Ein god del proveniens framand materiale er teke vare på i arkiva under utskilt materiale. Det proveniens framande materiale har for det meste hengd på veggane på gardane og i arbeidsrom som rettleiingar og me har derfor valt å ta vare på dei som ei tilhøyrande del av arkivskapers virke – særleg fordi anna arkivmateriale kring pelsdyrnæringa er avgrensa.

Arkivmateriale knyta til pelsing er avgrensa, men det finns små spor av aktivitetane blant arkiva til pelsdyrbondene som i periodar har drive med pelsing i tillegg til al.

Til no er det ikkje henta inn noko arkivmateriale frå siste ledd i pelsdyrnæringa frå buntmakar og liknande.

Arkivmaterialet som er samla inn og katalogisert er i hovudsak papirarkiv. Anna typar materiale som fotosamlingar, video, lyd, katalogar, tidsskrifter og gjenstandar som er samla inn i forbindelse med prosjektet eksisterer som sjølvstendige samlingar på Jærmuseet.

### Erfaringar knyta til innsamling av materiale:

I prosessen om å «sikra innsamling av privatarkiv innan ulike sider av pelsdyrdrift» hausta me fleire nyttige erfaringar. Fleire gonger opplevde me at arkivskapar/ aktør ikkje sjølv såg verdi i å ta vare på dokument (eller gjenstandar) etter at drifta vart lagt ned. Noko arkivmateriale vart samla inn på kritiske tidspunkt der det til dømes vart redda ut dokument frå ein tilhengar på veg til St. Hans bålet. I tillegg var fleire skeptiske til å gje frå seg materiale i frykt om at materiale skulle bli brukt i mot dei (ved offentleggjering). Frå desse opplevingane fekk me følgjande erfaringar:

1. Viktig å formidle til (framtidige) aktørar at dei arkiva/dokument som blir skapt i dag kan ha historisk verdi i framtida.
2. Innsamling av privatarkivmateriale bør skje *før* aktøren blir historie. Ein framtidig bevaringsplan bør ta sikte på å samle inn privatarkivmateriale frå framleis aktive aktørars som er, og har vært, viktige lokalt og regionalt.
3. Korleis privatarkiv blir ivaretatt med eigar/skapar sine ønskje og omsyn til personvern er viktig å opplyse om.

### **2: Ordna arkivmateriale, katalogisera i ASTA og Digitalarkivet slik at dette vert tilgjengeleg for forskarar, publikum og til formidling av materiale i ei planlagt utstilling ved Jærmuseet**

#### **Ordning av arkivmateriale og katalogisering i ASTA**

Jærmuseet har til no tatt i mot arkiv frå tolv arkivskaparar frå pelsdyrnæringa. Dei tolv arkiva er ferdig ordna etter allment arkivskjema, katalogisert i ASTA og publisert på arkivportalen. Etter avlevering har det berre vore krav for spesielle klausul frå ein arkivskapar knyta til personleg rekneskap.

<i>Privatarkiv nr.</i>	<i>Arkivskapar</i>	<i>Startår arkiv</i>	<i>Sluttår arkiv</i>	<i>Omfang (hm/ GB)</i>	<i>Arkivportalen</i>
JÆP262	Polar AS	1962	1986	1,06 GB (digital kopi)	<a href="https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002229?ins=JAMU">https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002229?ins=JAMU</a>
JÆP263	Ingebret Hodne	1976	1981	0,2 hm	<a href="https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002684?ins=JAMU">https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002684?ins=JAMU</a>
JÆP264	Per-Arild Vådeland	2015	2019	0,1* hm	<a href="https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000003887?ins=JAMU">https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000003887?ins=JAMU</a>
JÆP265	Thore og Gro Håland	2004	2020	0,15* hm	<a href="https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002662?ins=JAMU">https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002662?ins=JAMU</a>
JÆP266	Jan Arild og Bjørg Seldal	2000	2020	0,1 hm	<a href="https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002625?ins=JAMU">https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002625?ins=JAMU</a>
JÆP267	Jan Ove og Inger Lise Horpestad	2019	2019	0,01 hm	<a href="https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002743?ins=JAMU">https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002743?ins=JAMU</a>
JÆP271	Folke Ravndal	1972	1989	0,1 hm	<a href="https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002671?ins=JAMU">https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002671?ins=JAMU</a>
JÆP274	Raubekk pels Skåra	1988	2017	0,1 hm	<a href="https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002689?ins=JAMU">https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002689?ins=JAMU</a>
JÆP275	Rogaland pelsdyralslag	1930	2012	2,3 hm	<a href="https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002322">https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002322</a>
JÆP276	Gunnar Kåre Mæland	1966	2006	0,5 hm	<a href="https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002717?ins=JAMU">https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002717?ins=JAMU</a>
JÆP277	Trygve Husveg	1944	2004	0,01 hm	<a href="https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002746?ins=JAMU">https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002746?ins=JAMU</a>
JÆP278	Rogaland Pelsdyrförlag	1960	2020	3,2 hm	<a href="https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002880?ins=JAMU">https://www.arkivportalen.no/entity/no-JAMU_arkiv_000000002880?ins=JAMU</a>

\*Ligg i eigenproduserte øskjer tilpassa formatet på arkivmaterialet.

Under finns ei oversikt av dei aktuelle arkiva med lenke til arkivet i arkivportalen:

## **Digitalisering og bruk av Digitalarkivet.**

### **Digitalisering av materiale:**

Noko av det mest tidkrevjande i prosjektet til no har vært å digitalisere arkivmateriale me har mottatt. Her kan det med fordel evaluerast å avgrensa omfangen av digitalisert materiale eller engasjere fleire til å bidra i digitaliseringsarbeidde ved eit framtidig prosjekt.

Store delar av arkivmaterialet frå pelsdyrkiva er digitaliserte og ligg på ein lokal server. Unntak for dette er rekneskapsvedlegg og sekundære kjelder (t.d. trykte bøker) i arkivet som ikkje vil bli digitalisert.

### **Digitalarkivet:**

Pelsdyrkiva er Jærmuseets pilotprosjekt i Digitalarkivet. Arbeidde med å gjera noko av materiale tilgjengeleg i portalen har vært utfordrande, men nyttig.

Når det kjem til det tekniske har det til tider vore tungt å navigere i portalen for arkivdigitalisering. Portalen ber preg av å vera utvikla for ein større organisasjon. For ein mindre organisasjon som oss der berre ein person arbeider i portalen er det nokre funksjoner ein skulle vore utforma annleis, til dømes:

- Tildeling av oppdrag og jobbar: burde tildelast automatisk til den som oppretta oppdrag/jobb når det berre finns ein administrator i system for organisasjonen.
- Det burde vore moglegheit til å slette einskapar, jobbar, oppdrag, etc. etter feilregistrering så lenge man har ein tildelt rolle som administrator i portalen.
- Det burde vore mogleg å velje når oppdrag og jobbar forsvinn til neste steg som «utførte jobbar». Spesielt oppdrag burde bli verande i sidemenyen for lettare navigering om man ønskjer å opprette fleire jobbar i oppdraget undervegs og at man sjølve tar et val om å velje at oppdraget er ferdig og ikkje lenger synast i menyen.

Ved sida av det tekniske bar arbeidet med Digitalarkivet preg av at løysninga er i hurtig utvikling. Rettleiingane på nett har i nokre tilfelle vært mangelfulle eller utdaterte der t.d. videoar i dei ulike arbeidsprosessane er fjerna. Kontaktpersonar i Arkivverket kopla til Digitalarkivet tenesta har vore ei uvurderleg hjelp for å komme i gang i løysninga.

Grunna arkivmaterialets unge alder har publisering av materialet på Digitalarkivet vore vanskeleg. Personvern og GDPR-reglar gjer at publisering i portalen førebels er avgrensa. Sida materialet er under 100 år gamalt krev det ein ekstra kontrakt til Digitalarkivet for kvart arkiv der arkivet må bli gått gjennom med detaljer for moglege personvernutfordringar. Førebels har Jærmuseet gått gjennom og sendt ei slik kontrakt for fire av arkiva. Av desse er to publisert på Digitalarkivet med dei to andre på veg. Dei publiserte arkiva er førebels blokkert utan søknad om innsyn fordi 1-3 sider inneheld personopplysningar som ikkje kan publiserast fritt på nett. Me håper å få ordna det slik at berre enkeltsidene kan bli sperra og dei andre ligg opent for lesing.

## Digital utstilling knyta til prosjekt

Udstilling om pelsdyr var opphavleg meint å opna i 2023. Frå oppstart har prosjektet utvikla seg og vakse til eit stort samarbeidsprosjekt mellom fleire museum og institusjonar i Noreg. Ny plan er difor å flytta utstillingsopning til 01.02.2025 som er datoен då pelsdyrnæringa vert avvikla i Noreg.

I anledning arkivdagen 2023 med tema «*Dyr i arkivene*» blei eit utval arkivmateriale vist fram i ein nettutstilling på digitalt museum. Nettutstillinga er tilgjengeleg gjennom denne lenka:  
<https://digitaltmuseum.org/0211813563927/pelsdyrarkiv>

## 3: Delmål: stimulera til samarbeid mellom arkiv og museum

Eit delmål til prosjektet var at det kunne stimulera til samarbeid mellom arkiv og museum. I søknaden vart det nemnt samarbeid med Stavanger byarkiv og dele erfaringar mellom arkiv frå pelsdyrnæringa i Stavanger og Jæren. Dei hadde ikkje mykje arkivmateriale å henta enno, samtidig som næringa har vært mykje større på Jæren enn i Stavanger.

Delmålet vart likevel delvis oppfylt. Først og fremst vart det første møte med Privatarkivnettverksmøte i Rogaland i *Arkivenes hus* hausten 2022 ei god utveksling av erfaring med satsing på privatarkiv i museum og arkiv. Her vart og dei 4 prosjekta som mottekk støtte frå Arkivverket i 2021 delt i plenum, deriblant pelsdyrprosjektet.

Det utvida museumssamarbeide rundt dokumentasjonsprosjektet om pelsdyr som er satt i gang vil og gi nytig erfaring og meiningsutveksling innanfor innsamling, forsking og formidling om eit kontroversielt tema.

## Avslutning

Start og slutt for prosjektet blei forsinka ein god del fordi dei som starta prosjektet av ulike grunnar ikkje hadde moglegheit til å delta i prosjektet lenger. Prosjekt og rapport er gjennomført av arkivar Siril Dahle som starta i prosjektstilling på Jærmuseet i juni 2022. Arbeide med ordning av arkiv vart dermed starta i august 2022 då prosjektet opphavleg skulle vore ferdig. Fleire pelsdyrarkiv kom til og blei ordna i 2023.

---

*Stiftinga Jærmuseet vil gjerne bruke denne anledninga til å takke Arkivverket for tildeling av arkivutviklingsmidlar til prosjektet.*

---

Stiftinga Jærmuseet søkte, og fekk tilslag, på arkivutviklingsmidlar frå Arkivverket til å samle inn, ordne og formidle privatarkiv frå pelsdyrnæringa lokalt og regionalt som ein del av eit større dokumentasjonsprosjekt. Eit **tilskot på kr. 125 000** blei innvilga.  
Dette skulle i all hovudsak dekkja personalkostnader knytt til ei prosjektstilling i tre månader, samt noko til innkjøp av materiale/pakkemateriale knytt til ordning av arkiva. Museet skulle i tillegg bidra med eigeninnsats tilsvarande eit månadsverk (**kr. 35 000**).

**Rekneskap – prosjekt 2227 Pelsdyrprosjekt -arkivmidlar**

**Utgifter:**

Diverse innkjøp av pakkemateriale	6426
<u>Personalkostnader (4 månadsverk)</u>	<u>153 574</u>
<b>Til saman</b>	<b>160 000</b>

**Inntekter:**

Arkivutviklingsmidlar	125 000
<u>Eigeninnsats</u>	<u>35 000</u>
<b>Til saman</b>	<b>160 000</b>

Nærbø 14.2.2024



Per Inge Bøe

Avdelingsdirektør for samling og dokumentasjon  
Jærmuseet